



Gågrupper i regi av Helselaget samla på Dønhaug. F.v: Marta Bakke, Inger Moberg, Hilda Guddal, Berit H. Myklebust, Ingunn Olsen og Berit H. Døssland.

Gågrupper i regi av Uskedal Helselag er på sin faste tur kvar tysdag. Mellom 8 til 10 damer møtest fast ved Grano kl. 11.00 og legg turen rundt hamna og campingen, langs elva, over Dønhaug og rundt Neset. Etter turen er det samling ute eller inne i Gamleskulen.

Smittereglerne gjeld og gruppa er påpasselege med handhygiene, avstand og bruk av handsprit. Det er ikkje snakk om å bruka kjøkkenet i Gamleskulen. Anten har ein mat og kaffi med eller ein går på SPAR og handlar det som trengst til det sosiale samværet etterpå.

Gågrupper har hatt sine faste samlingar i heile sommar. Trimmen for vaksne, også i regi av Helselaget, starta opp i denne veka. Det er fast trening kvar måndag kl. 11.00 i Gamleskulen. Eli Roseth Eik er instruktør.

Alle er velkomne til å vera med i Gågrupper og på trimmen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Eli Roseth Eik.